


BLÅFALLI FJELLHAUGEN KRAFTVERK



INFORMASJONSBROSJYRE
JANUAR 2015





PRESENTASJON AV SKL



SKL Produksjon AS er eit kraftselskap som har som føremål å eiga, driva og utvikla kraftressursar. SKL Produksjon eig og driv 9 kraftstasjonar i Kvinnherad, Fusa og Stord, og har ein eigarpart på 8,75 % i Sima kraftanlegg i Eidfjord. Den samla ytinga for egne kraftverk er 400 MW, og den gjennomsnittlege årsproduksjonen er om lag 1 400 GWh. I tillegg eig selskapet fleire småkraftverk i drift, og fleire som er under utvikling.






Selskapet er eit dotterselskap av Sunnhordland Kraftlag AS (SKL). Dei primære forretningsområda til SKL er kraftproduksjon og overføring av kraft. SKL er eigd av kommunar og kraftlag i Nord-Rogaland og Hordaland. Dei to største eigarane er Haugaland Kraft AS (40,5 %) og BKK AS (33,4 %).

EKSISTERANDE UTBYGGINGAR I BLÅDALSVASSDRAGET



Blådalsvassdraget er betydeleg regulert for vasskraftføremål gjennom snart 70 år. Vassdraget er regulert gjennom 12 reguleringskonsesjonar, og omfattar i dag 5 kraftverk og 8 reguleringsmagasin av ulike storleikar. I tillegg til tilløpstunnelar og interne overføringar, vert vatn overført til vassdraget frå nabovassdrag. Alle kraftverka og dammane har tilkomst med veg, og det er overføringsliner på fleire spenningsnivå i området. (Sjå side 4 – Kart med framstilling av eksisterande anlegg.)

Teiknforklaring

-  Reguleringsmagasin
-  Nedbørsfeltsgrense for regulering
-  Tunnel/vassveg
-  Kraftlinje
-  Antleggsveg


1 Blåfalli Vik kraftstasjon
- 230 MW
- 804 GWh/år

2 Staffi kraftstasjon
- 3,8 MW
- 16 GWh/år

3 Blåfalli III kraftstasjon
- 105 MW
- 536 GWh/år

4 Blåfalli IV kraftstasjon
- 13 MW
- 70 GWh/år

5 Blåfalli V kraftstasjon
- 7,2 MW
- 24 GWh/år



PRESENTASJON AV TILTAKET



Blåfalli Fjellhaugen kraftverk vil nytta eit fall på inntil 396 meter mellom dei to regulerte magasina Midtbotnvatn og Fjellhaugvatn. Det vert ikkje søkt om endring av regulering for nokon av vatna i vassdraget. Vatnet vert ført i tunnel frå inntaket til kraftstasjonen, som vert bygd i fjell. Tre nye bekkeinntak, samt inntak Sandvatn, vert knytte opp mot ny vassunnel.

Grunngjeving for tiltaket

Etablering av eit kraftverk mellom Midtbotnvatn og Fjellhaugen gjev fleire formålstenlege effektar. Etter utbygginga av Blåfalli Vik (2007) og overføringa frå Eikemo (2013) har det oppstått ein «flaskehals» i kraftproduksjonen mellom Midtbotnvatn og Fjellhaugvatn som vert fjerna med etablering av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Netto årsproduksjon aukar med om lag 70 GWh. Det nye kraftverket gjev også forbetringar for dei eksisterande kraftverka Blåfalli Vik og Blåfalli III. God balanse i produksjonskapasiteten mellom desse og Blåfalli Fjellhaugen kraftverk gjer det mogleg å produsere meir kraft når etterspørselen og behovet er størst. Ein større del av totalproduksjonen kan nyttast som vinterproduksjon. Utbygginga vil såleis gi ein meir heilskapleg og betre utnytting av vassressursane i eit allereie utbygd vassdrag.

Lokalisering

Heile tiltaket ligg i Blådalsvassdraget, innanfor nedbørsfeltet til dei eksisterande reguleringane. Med eit unntak ligg alle inngrep i Kvinnherad kommune. Bekkeinntak Krokavatn ligg i Etne kommune.



Overordna omtale

Det planlagde tiltaket etablerer ein ny produksjonsstreng mellom Midtbotnvatn og Fjellhaugvatn. Vatnet som i dag vert produsert frå Midtbotnvatn via Blådalsvatn til Fjellhaugvatn vil i staden verta produsert i det planlagde Blåfalli Fjellhaugen kraftverk, direkte frå Midtbotnvatn til Fjellhaugvatn. I tillegg er det planlagd fire inntak på tilløpstunnelen tre bekkeinntak: Krokavatn, Kvanngørðhorga og Verahaugen, og inntak for overføring av Sandvatn. (Sjå side 8 – Kart med framstilling av tiltaket.)

Blåfalli Fjellhaugen kraftverk vert plassert i fjell sør-aust for Staffi kraftverk og får ein installert effekt på om lag 150 MW, og ein gjennomsnittleg brutto årsproduksjon på om lag 325 GWh. Innvunne ny energi blir ca. 70 GWh. Kraftverket får utlaup i Fjellhaugvatn. Prosjektet er kostnadsrekna til om lag 860 mill kr, og tiltaket omfattar følgjande inngrep:

- Tre nye bekkeinntak; Krokavatn, Kvanngørðhorga og Verahaugen
- Eksisterande overføring av Sandvatn til Nedre Vetrhusvatn vert teken inn på tilløpstunnelen
- Etablering av ein vel 8 km lang tilløpstunnel frå Midtbotnvatn til det nye Blåfalli Fjellhaugen kraftverk og ein om lag 1,5 km lang utløpstunnel vidare til Fjellhaugvatn
- Tunnelmassane skal drivast ut gjennom påhogg ved Staffivatn, samt tverrslag ved Vetrhus (Underlio)
- Deponering av om lag 960 000 m³ tippmasser fordelt på massedeponi ved hhv tilkomsttunnelen ved Staffivatn og Gaddaneskleivo nær tverrslag ved Vetrhus
- Etablering av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk i fjellhall sør-aust for Staffi kraftverk
- Om lag 1 km nedgraven jordkabel alternativt luftline frå tilkomsttunnelen ved Staffivatn til koplingsanlegget ved Blåfalli III. Koplingsanlegget vert utvida med om lag 1 daa


Tidsplan og bemanning

Forventa oppstart av anleggsarbeidet er tidleg i 2017. Planlagt byggetid er tre og eit halvt år. For å gjennomføre tiltaket trengst det ei bemanning på om lag 110 personar i anleggstida.

Planprosess	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Høyring av framlegg til konsekvensutgreiing	■						
Konsekvensutgreiing	■	■					
Høyring og behandling av konsesjonssøknad		■	■	■			
Planlegging og prosjektering			■	■	■		
Bygging				■	■	■	■
Prøvedrift							■

FORHOLD TIL OFFENTLEGE PLANER

- Det omsøkte prosjektet er eit opprustings- og utvidingsprosjekt, og er etter søknad til Miljødirektoratet fritatt for behandling etter Samla plan. Prosjektet kan difor konsesjonssøkast og er ikkje omtalt i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021.
- Tiltaksområdet er ikkje verna eller føreslått verna.
- Følgefonna nasjonalpark vart oppretta i 2005, men ligg utanfor tiltaksområdet.
- Kvinnherad og Etne kommunar sine arealdelar viser størstedelen av tiltaksområdet markert som LNF område.
- Omtalte utbygging er i tråd med Klimaplan for Hordaland 2014-2030, med målsetting om auka produksjon av fornybar energi.





Tipp Gådaneskleivo

Hovedinntak

Tverrslag Vetthus

Bekkeinntak Kvangrøhorga

Teigingsnummer: RB02 Revisjon: E01

0.25 0.5 0.75 1 km

E01 2014-10-09 For godkjenning hos myndigheter TBe TLFal GuSol
 Revisjon: USJ/mester Fjellhaugen Godkjent
 Dette dokument er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår i referansen. Opphav/ansvaret ligger hos Norconsult AS.
 Dokumentet må ikke benyttes til det formål som oppdragsdelen beskriver, og må ikke kopieres eller ellers tilgjengelig på annen måte eller i
 større utstrekning enn formålet tillate.

SKL PRODUKSJON AS SOM VIST

BLÅFALLI FJELLHAUGEN KRAFTVERK
 KONSESJONSSØKNAD
 OVERSIKT KRAFTSTASJON OG TUNNELTRASE
 MED AVMERKET BEKKEINNTAK
 PLAN

Oppdragsnummer: 5141796 Teigingsnummer: B02 Revisjon: E01
 Norconsult

VENTA VERKNADER ETTER FASTSETT KONSEKVENSGREIINGSPROGRAM

Bygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk vil ha både positive og negative konsekvensar. Kraftverket vil optimalisere vassressursane betre og auke produksjonen av fornybar energi med om lag 70 GWh. Størst samfunnsnytte er knytt til auka framskaffing av fornybar og regulerbar kraft. Auka regulerbar effektreserve er viktig og bidreg både til å styrke og stabilisere eksisterande og framtidig kraftsystem. Dette er viktig sidan dei fleste utbyggingane i dag er utan magasin og er dominert av uregulerbar sommarkraft. Prosjektet vil elles positivt påverke sysselsetting og næringsliv, både lokalt og regionalt, i anleggsperioden.

Samla sett er miljøinngrepa små, sett i forhold til prosjektet sin storleik og omfang. Dei negative konsekvensane i driftsfasen er knytt til redusert vassføring nedstraums bekkeinntaka, med verknad for opplevingsverdi av landskap og friluftsliv. Deponering av overskotsmassar vil i liten grad påverke landskap og friluftsliv.

Tema	Konsekvensgrad i anleggsfase	Konsekvensgrad i driftsfase
Landskap	Liten negativ	Liten-middels negativ
Kulturminner	Liten negativ *	Liten negativ
Næringsliv og sysselsetting	Middels positiv	Liten positiv
Kommunal økonomi og tenestetilbod	Liten positiv *	Liten positiv
Befolkningsutvikling og busetting	Ubetydeleg	Ubetydeleg *
Sosiale og helsemessige verknader	Liten negativ	Ubetydeleg
Friluftsliv	Liten negativ	Liten-middels negativ
Reiseliv	Ubetydeleg	Ubetydeleg-liten negativ
Naturtypar og vegetasjon	Liten negativ	Liten negativ
Fugl og pattedyr	Liten negativ	Ubetydeleg-liten negativ
Fisk og ferskvassorganismar	Liten negativ	Liten negativ

*Konsekvensgraden er komplettert basert på ei tolking av konsekvensutgreinga i fagrapportane.



Hydrologiske forhold

Det er ikkje planlagt nye reguleringsmagasin eller endringar i eksisterande magasin i samband med utbygginga. Tilsiget til Midtbotnvatn vil auke medan tilsiget til Blådalsvatn og Nedre Vetrhusvatn vert redusert. Dette medfører at magasinifyllinga kan bli noko annleis enn i dag gjennom året og frå år til år. Auka kapasitet ut av Midtbotnvatn vil redusere overløpa til Blådalsvatn, år om anna. Netto vassstilførsle til Fjellhaugvatn vert uendra, men grunna auka slukeevne mellom Midtbotnvatn og Blådalsvatn vil vasstanden i Fjellhaugvatn bli høgare gjennom året etter utbygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Temperaturen i omtalte vatn vil vera om lag som i dag også etter utbygginga. Det er difor ikkje venta endra isforhold i magasinane.

Etablering av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk påverkar dei hydrologiske forholda nedstrøms bekkeinntaka Krokavatn, Kvanngørðhorga og Verahaugen, samt vassføringa ved innløpet i Øvre- og Nedre Vetrhusvatn, og i noko grad Blåelva mellom Brandvikvatn og Jamteland-/Staffivatn. For bekkeinntaka er det foreslått ei slukeevne tilsvarande 15 gongar middelvassføringa, med prioritert slepp av minstevassføring tilsvarande 5-persentilane vinter og sommar basert på skalering frå representativt vassmerke. Vassføring før og etter utbygging i eit middels år er presentert for utvalde område.

Etablering av tre bekkeinntak gir redusert vassføring nedstrøms inntaka. Det er derfor naturleg å forvente at vasstemperaturen på desse bekkestrekningane vil bli noko meir påverka av lufttemperaturen, hurtigare nedkjølt om vinteren og raskare oppvarma om sommaren.

Berekningspunkt	Før utbygging (m ³ /s)	Etter utbygging (m ³ /s)	Etter utbygging (%)
Bekk frå Krokavatn, innløp Øvre Vetrhusvatn	0,722	0,087	11
Innløp Nedre Vetrhusvatn	1,226	0,540	44
Bekk frå Kvanngørðhorga, innløp Brandvikvatn	0,207	0,021	10
Utløp Brandvikvatn	1,108	0,922	83
Bekk ved Verahaugen, innløp Blåelva	0,144	0,073	50
Blåelva, innløp Jamteland-/Staffivatn	2,749	2,493	91



Landskap

Kraftutbygginga pregar landskapsbiletet i Blådalen i dag. Anleggsveggar og kraftliner er framført i området, og dammar og inntak er etablert.

Samanlikna med tidlegare kraftutbyggingar i Blådalsvassdraget er omfanget av inngrepa ved bygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk små, til dels ubetydelege for landskap og opplevingsverdiane knytt til dette. Dels skuldast det at områda er sterkt påverka av inngrep frå før slik at nye inngrep i nærområda til desse blir lite merkbare, dels at inngrepa i seg sjølv for det meste er små og konsentrert til avgrensa område.

Nokre unntak finst. Dei største negative konsekvensane er knytt til redusert vassføring frå Kvanngrødhorga, der bekken utgjer eit tydeleg landskapselement i eit av dei attverande lite påverka og samtidig mest veldefinerte landskapsromma i Blådalsvassdraget.

Redusert vassføring i bekken frå Verahaugen vert også vurdert til å ha merkbare negative konsekvensar, men likevel i mindre omfang enn ved Kvanngrødhorga.

I deponiområda vert det betydeleg inngrepsomfang knytt til overskotsmassar ved Gaddaneskleivo og Staffivatn, men med god planlegging og utforming kan konsekvensane av inngrepa bli små.

Området mellom Staffivatn og Røytehølen kan bli visuelt negativt påverka av ei eventuell 300 kV luftline. Dersom ein vel ei løysing med kabel i jord for nettilknyttinga, blir dei varige konsekvensane ubetydelege.

Inngrepa medfører ein arealreduksjon i inngrepsfrie naturområde (INON), sone 2 (1-3 km frå tekniske inngrep), på ca. 2,5 km².


Kulturminne og kulturmiljø

Det ligg ikkje føre opplysningar om freda kulturminne i tiltaks- eller influensområdet. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i områda som blir råka av fysiske inngrep er vurdert til lite. Det vart definert og verddivurdert tre kulturmiljø ved eller innanfor influensområdet, i) stølen ved Gaddanestjørno, liten verdi, ii) Storhaugstølen, liten verdi og iii) stølen ved sørenden av Øvre Vetrhusvatn, liten til middels verdi.

Tufta ved Storhaugstølen er einaste tidlegare registrerte kulturminne innanfor tiltaksområdet, og har opphav frå etterreformatorisk tid, men er ikkje freda. Stølane ved Øvre Vetrhusvatn vart påvist ved synfaring.

Ved omfangs- og konsekvensutgreiing var det berre massedeponi Gaddaneskleivo som medførte konsekvensar for kulturmiljø. Massedeponiet medfører tildekking av stølen her. Ved samanstilling av verdi og omfang svarar dette til liten negativ konsekvens for kulturmiljø.

Resterande tiltak medførte ikkje konsekvens utover ubetydeleg for kulturmiljø. Arealbeslag i anleggsfasen vil ikkje gi ytterlegare konsekvens for kulturmiljø.



Naturmiljø og naturmangfold

Størsteparten av tiltaksområdet ligg over tregrensa. Dei øvre fjellformasjonane er eksponerte og består av bert fjell og snaumark med skrinne og middels frisk vegetasjon. Ingen verdifulle naturtypar er registrert i influensområdet for tiltaket. Ein lokalitet, kategorisert som naturleg fisketomme innsjøar og tjern, vart registrert ved Gaddaneskleivo, det eine av to planlagde deponiområde. Ingen trua karplantar, mosar eller lav er registrert. Området er prega av artsfattig og lite krevjande vegetasjon som i all hovudsak vert vurdert til å inneha liten verdi. Fugl- og pattedyrfaunaen er også artsfattig i influensområdet. Ingen registrerte trekkruiter for hjort eller fugl synest å bli påverka. Området vert generelt vurdert til å ha liten verdi for nemnde tema.

Tunnelutslag og etablering av bekkeinntak og sperredam i fjellområda vil skape støy i så å seie urørte område i anleggsfasen. Planlagt utbygging gir likevel svært små inngrep i terrenget då vassvegane skal leggjast i fjell. Bekkeinntaka som skal etablerast ved Krokavatn, Kvanngørðhorga og Verahaugen, vil påverka eit avgrensa areal. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande ei alminneleg lågvassføring. Tiltaket vert vurdert til å gje ubetydeleg omfang og konsekvens i anleggsfasen og liten negativ konsekvens i driftsfasen.

Deponering av massar i Gaddaneskleivo og Staffivatn vert vurdert til å gi liten negativ konsekvens både i anleggs- og driftsfasen.

Graving av kabelgrøft gir liten til ubetydelig negativ konsekvens for omtalte tema i både anleggs- og driftsfasen. Eit eventuelt luftspenn vil gå på tvers av dalføret og kan auke kollisjonsfaren for fugl. Luftledning vert vurdert til å gi middels negativt omfang og konsekvens i driftsfasen.

Fisk og ferskvassbiologi

Prosjektet vil medføre ein reduksjon i vassføring i dei tre bekkane der det vert etablert bekkeinntak, og særleg for bekk frå Krokavatn og bekk frå Kvanngørðhorga vil vassføringa bli sterkt redusert. Vidare vil vassføringa ved utløp av Øvre Vetrhusvatn og Brandvikvatn blir redusert noko. Vasstanden i Midtbotvatn, Blådalsvatn og Fjellhaugvatn vil kunne haldast meir stabilt ved høgare nivå, medan vasstanden i Sandvatn ikkje vert påverka. Jamteland-/Staffivatn får ein reduksjon i tilført vatn frå Blåelva med om lag 10 % i høve til dagens situasjon.

Det er ikkje anadrom fisk i denne delen av vassdraget. Bekkeare og røye førekjem derimot fleire stader i vassdraget. Bekk frå Krokavatn og Kvanngørðhorga vart el-fiska utan at det vart observert eller fanga fisk her. I bekk frå Verahaugen vart det fanga årsyngel og nokre eldre ungfisk av aure. Ingen av dei omtala bekkane vert vurdert som viktige gytebekkar for aure. I kvar av bekkane vart det teke sparkeprøvar etter botndyr, men det vart ikkje funne raudlista eller sjeldne botndyr i nokon av prøvane. Bekkane er med bakgrunn i dette vurdert til å ha liten verdi med omsyn til ferskvassorganismar. Fisk og ferskvassorganismar i andre delar av vassdraget synest også å bli lite påverka. Samla sett vil konsekvensane for fisk og ferskvassorganismar, bli lite negative.



Samfunn, reise- og friluftsliv

Kraftutbygginga er forventa til å gje middels positive konsekvensar for næringsliv og sysselsetting, både lokalt og regionalt, i anleggsfasen. Drift av kraftverket vil ikkje gje nye årsverk lokalt, men det vil medverke til å sikre eksisterande arbeidsplassar.

Blådalsvassdraget er tydeleg prega av inngrep knytt til eksisterande kraftutbygging. Etablering av anleggsveggar har medført at området er blitt lettare tilgjengeleg og hyppigare i bruk. Det øvre tiltaks- og influensområdet vert vurdert til å ha stor friluftsverdi lokalt, middels regionalt og liten nasjonalt. Dei nedre områda vert vurdert til å ha noko lågare verdi.

Områda er generelt attraktive for tur- og skigåing, haustingsaktivitetar og generell rekreasjon. Friluftsverdiane i Blådalsvassdraget vert lite påverka av utbygginga, men enkelte delar av tiltaks- og influensområdet vil mista noko attraktivitet og særpreg. Samla sett vert konsekvensane for friluftsliv vurdert som små til middels negative.

Størst endring vil opplevast i form av tydeleg redusert vassføring nedstraums bekkeinntaka frå Krokavatn, Kvanngørhorga og Verahaugen, vår og haust, då bekkane normalt har størst vassføring.

Tippen på Gaddaneskleivo vil ved naturleg revegetering etter fullført anleggsfase vera lite synleg. Reguleringsgrensene for Midtbotnvatn vil vera uendra, og friluftsutøvarar i området vil ikkje oppleva nokon endring i høve til i dag.


Etablering av nytt inntak i Sandvatn og kraftstasjon i fjell ved Staffivatn, vert ikkje vurdert til å ha noko å seia for friluftslivsopplevinga. Val av kabel som nettilknytning vil ikkje ha konsekvensar for friluftslivet, medan luftspenn som alternativ løysning, kan redusere opplevingsverdien av landskapsrommet for enkelte hyttefolk og andre som ferdast her.

Hovudattraksjonane for reiselivsnæringa ligger utanfor tiltaks- og influensområdet, men anleggsvegen blir nytta som tilkomst til Møsevatn og Møsevassbreen. Redusert vassføring i bekken frå Kvanngørhorga kan slik sett opplevast negativt. Utbygginga av kraftverket vert likevel vurdert til å ha små negative til ubetydelege konsekvensar for reiselivsnæringa.

Sum verknader

Vatn og vassdrag er dominerande element på Folgefonnhalvøya. Naturlege innfallsportar til Blådalsvassdraget er Omvikedalen frå nord og Åkrafjorden frå sør. NVE har laga ei oversikt over omsøkt og eksisterande vasskraftaktivitet i dette området. Forskjellar i landskapsformer, naturtypar m.m., desse områda imellom, tilseier at utbyggingane i sum, berre i liten grad påverkar kvarandre direkte. Kartlegging av verdifulle naturtypar ved Åkrafjorden viser at disse naturleg avvik frå kva ein observerer i Omvikedalen og langs Blådalsvassdraget. Natur- og artsmangfald samt førekomst av sjeldne eller truga (raudlista) artar i sjølve tiltaksområdet er meir beskjedne. Tiltaket vil i sum berre medføre mindre lokale konsekvensar og ikkje negativt påverka status for nærområda eller skalere uønska sum av verknader.





AVBØTANDE TILTAK



Fleire tiltak vil bli gjennomført for å førebygge samt redusere negative verknader av utbygginga, mellom anna:

Minstevassføring

- Minstevassføring skal sikre akseptable forhold for biologisk mangfald i og omkring bekken etter utbygging. Tiltakshavar foreslår slepp av minstevassføring tilsvarande 5-persentil frå dei nye bekkeinntaka Krokavatn, Kvanngrodhorga og Verahaugen, differensiert på sommar og vinter.

Bekkeinntak	Sommar* (l/s)	Vinter* (l/s)
Krokavatn	102	36
Kvanngrodhorga	28	10
Verahaugen	11	4

*Sommar- og vinterregime er definert til perioden frå 1. mai – 30. september og 1. oktober – 30. april

Landskap

- Med omsyn til nettilknytning er det føreslått å legge kabel i jord framfor ei alternativ løysning med etablering av luftspenn. Omsyn for å redusere kollisjonsfaren for fugl, samt ønske om å ivareta opplevingsverdien av eksisterande landskapsrom, har vevd tungt.
- Tippområda vil bli utforma og tilpassa terrenget i størst mogleg grad. Detaljprosjekteringa vil ivareta ønske om god landskapstilpassing og redusert arealbruk.
- SKL arbeider i lag med Kvinnherad kommune for å finne ein samfunnsnyttig, alternativ bruk av overskotsmassane.
- Det skal utformast ein landskaps- og miljøplan som vert sendt inn for godkjenning hos ansvarlege styresmakter. Landskaps- og miljøplanen vil vera bindande for entreprenørar.
- Tverslag og massedeponi i Hauablådalen vest for Midbotnvatn er teken ut av tiltaket etter anbefaling frå fagkonsulent for landskap. Tiltaket som det no vert søkt om tek omsyn til dette og overskytande tunellmassar vert deponert på tippene Gaddaneskleivo og ved Staffivatn.

VIDARE SAKSGANG



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaker sentralt. Handsaminga skjer i tre fasar: i) meldings-, ii) utrednings- og iii) søknadsfasen. Dei to første fasane er tilbaketilgjort og konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing er sendt til NVE for vidare handsaming.

Fase 1 – Meldingsfasen

I meldingsfasen gjorde utbygger greie for aktuelle utbyggingssaker, og presenterte eit framlegg til konsekvensutgreiingsprogram. Føremålet var å informera om utbyggingssaker og samstundes få tilbakemelding om relevante forhold og konsekvensar som det var naudsynt å utgreia nærare i den vidare prosjektplanlegginga. Melding med framlegg til konsekvensutgreiing vart sendt på høyring og NVE arrangerte eit ope folkemøte og orienterte om vidare saksgang. Tiltakshavar gjorde greie for utbyggingssakerne. Som avslutning på meldingsfasen fastsette NVE eit endeleg konsekvensutgreiingsprogram.

Fase 2 – Utreiingsfasen

Prosjektet vart utgreidd i samsvar med fastsett konsekvensutgreiingsprogram, og dei tekniske og økonomiske planane vart utvikla vidare med utgangspunkt i meldinga, høyringsfråsegner og informasjon som kom fram under utgreiinga. Fasen vart avslutta med at konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing vart sendt til NVE for handsaming.

Fase 3 – Søknadsfasen

Planlegginga er avslutta, og tiltakshavar har sendt konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing til NVE. NVE sender saka til høyring til dei same forvaltningsorganane og interesseorganisasjonane som i meldingsfasen, og i tillegg til alle som uttalte seg om meldinga. Informasjonsbrosjyren er meint å orientera om saksgangen vidare og dei endelege planane som konsesjonssøknaden byggjer på. NVE vil òg arrangera eit nytt ope folkemøte i samband med høyringa. Etter høyringa vil NVE arrangera ei sluttsynfaring og deretter arbeida ut innstilling i saka. Innstillinga skal sendast til Olje- og energidepartementet (OED) for slutthandsaming.

Kongen i statsråd tek den endelege avgjersla. Store eller særleg konfliktfylte saker skal leggjast fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED setja vilkår for drifta av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusera skadar og ulemper.

SLUTTORD



Denne presentasjonen inneheld ei kort utgreiing om dei tekniske planane for bygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Viktige resultat og konklusjonar frå konsekvensutgreiinga er referert og aktuelle avbøtande tiltak er føreslått. Hovudføremålet med konsekvensutgreiing har vore å skaffa til vege eit tilfredstillande kunnskapsgrunnlag, naudsynt for vidare og endeleg sakshandsaming. Vidare saksgang er skildra.

SKL tenkjer langsiktig og har målsetting om ein berekraftig, framtidsretta og samfunnstenleg forvaltning av vassressursane i Blådalsvassdraget. Selskapet har tru på at vassdraget kan vidareutviklast for vasskraft og samtidig vera attraktivt for tur- og friluftsliv m.m.





Oversikt over kontaktpersonar hos tiltakshavar og hos NVE

Spørsmål om saksbehandlinga kan du rette til:
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
ved Frank Jørgensen
Telefon: 22 95 94 31 / 09575
E-post: fjo@nve.no eller nve@nve.no

Spørsmål om konsekvensutgreiinga og
dei tekniske planane kan du rette til:
SKL Produksjon AS ved Kenneth Teigenes
Telefon: 53 49 60 37 / 975 56 037
E-post: kenneth.teigenes@skl.as

